

DEN NORSKE EU-DEBATTENS RETORISKE PARADOKS

Få europeiske land har hatt så mange, grundige og langvarige debatter om medlemskap i EU som Norge. Ottar Grepstad har funnet et retorisk paradoks i tida fram mot folkeavstemningen 28. november 1994: Til tross for et altomfattende engasjement ble retorikken i EU-debatten annerledes enn situasjonen skulle tilsi. Og han mener nyere dansk teori om stemmesamlende og stemmeflyttende retorikk krever en nyansering.

Av Ottar Grepstad

130.000 stemmer skilde nei frå ja ved den norske folkerøystinga om EU-medlemskap i 1994. Om marginane var små, var likevel forskjellane store. Berre rundt Oslofjorden var det klart ja-fleirtal. Ja-prosentsen var størst i riksmannsstrøka i Oslo, nei-prosentsen størst i Lofoten i Nordland. Slike kontrastar kan forklarast historisk og sosiologisk, men ikkje retorisk.

Med all sin retorikk i form av resonnement, agitasjon, meningsbryting, framstår den norske EU-debatten 1988-1994 som eit retorisk paradoks. Situasjonen tilsa ein annan retorikk enn den som faktisk prega debatten, ja, retorikken var knapt nok avgjerande.

Dette paradokset inviterer ikkje til enkle ein-årsaks-forklaringar. Den som analyserer debatten som ein statisk heilskap, går glipp av vesentlege utviklingslinjer, prosessar og endringar. Og EU-debattens retoriske aktørar var viktigare enn dei

retoriske figurane. Den som vil forstå dynamikken i den norske EU-debattens retorikk og utvikling, må prøve å forstå ei kvinne: Anne Enger Lahnstein, leiar i Senterpartiet.

Det var ein debatt prega av munnleg retorikk. Med unntak av nokre traktatar og stortingsmeldingar var det i talar, foredrag, debattar at dei sentrale aktørane kom med sine viktigaste argumentasjonar og konklusjonar. Studiane av retorikk har som oftast vore konsentrerte om monologar og enkeltalar. Polariseringa i EU-saka gjorde debattane viktigare enn monologane. Ideelt sett: I ein debatt forsvarer og rettferdiggjer talsmenn for motsette oppfatningar sine syn, mens deltakarane i ein samtale eller diskusjon søker dei beste løysingane eller konklusjonane. I ein debatt gjeld det å fremje dei argumenta som tener eins eige syn, mens ei vellykka drøfting inneber at for- og motargument blir vurderte kritisk av alle deltakarar. Men dette er det ideelle.¹ Den norske EU-debatten var ingen slik idealtilstand. At der er noko utanfor retorikken, blir tydeleg i ein slik debatt. Og at den varte så lenge,

 Ottar Grepstad (født 1953) er bokmann og forfatter. Cand. philol. 1983 med hovedoppgave om kampsangene i den norske EF-striden 1970-72, publisert som *Balladen om Europa* (1985). Har i bokform gitt ut *Retorikk på norsk* (1988) og *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk* (1997).

¹ Jf Perelman 1971:37f.

stiller den danske stemmesamlar- og stemmeflyttar-modellen på ein prøve.²

Debattens fem fasar

Det norske folk har vore gjennom fire debattar om forholdet mellom Noreg og EEC, EF, EU. Dei tre første — 1961-63, 1967, 1970-72 — var alle korte. Den fjerde blei den lengste, heile seks år frå sommaren 1988 til seinhaustes 1994. Den kan delast i fem fasar.

Den første fasen er *kampen om dagsorden juni 1988 — mars 1989*, då EØS-prosessen tok til. Dagsordendebatten begynte då Stortinget i 1988 slutta seg til AP-regjeringa si linje om at det ikkje skulle kome nye handelshindringar mellom Noreg og EF når den indre marknaden blei opna i 1993, og at EFTA var midlet. Alt hausten 1988 oppretta gamle EF-motstandarar Opplysningsutvalget om Norge og EF, som to år seinare blei omforma til Nei til EU.

Den neste fasen blei *etablering av EØS mars 1989 — oktober 1991*, då EØS-avtalen var ferdigforhandla. Vinteren 1989 hadde EF-president Jacques Delors og statsminister Gro Harlem Brundtland fleire gonger drøfta det som skulle bli EØS. Mens nei-sida alt no hadde mange av argumenta sine klare, måtte ja-sida leite seg fram til sine. Verken ved stortingsvalet 1989 eller kommunevalet 1991 dominerte EF og EØS valkampen. Der og då kunne det nok sjå ut til at ja-sida vann kampen om dagsorden. Men dagsordendebatten blei eit blindspor for ja-sida i 5 1/2 år. For mens det på ja-sida enno var uråd å vite kva ein skulle slutte seg til, var nei-sida alt gjenomorganisert.

Den tredje fasen var *posisjonering og motstand november 1991 — november 1992*. Kampen stod no om regjeringspartiets sjel. Før utgangen av mai 1992 tok alle fylkeslaga i Arbeidarpartiet standpunkt, men partiet var delt i to — nord mot sør. På landsmøtet i november 1992 vedtok så regjeringspartiet å søkje om medlemsskap.

Både i den andre og tredje fasen oppstod situasjonar som skapte store vanskar for ja-sida. Mislukka fiskeforhandlingar med EF sommaren 1991 hadde skapt tvil om ein kunne stole på EF. Den 2. juni 1992 hadde så 50,7% av danskane stemt nei til Maastricht-avtalen. For den norske nei-sida blei det beviset på at Noreg kunne velje sin eigen veg. Skje-

bnetrua var knust. Ikkje berre nytta det å arbeide mot. Ja-påstanden om at unionsplanane harmonerte med demokratiske grunnidear, vakla i sitt truverde.

Tre firedelar av EU-debatten er over. Med den fjerde fasen, *medlemskapsforhandlingane november 1992 — mars 1994*, tek debatten ei ny vending. Midtvegs i denne fasen står veljarane igjen ved valurnene. For tredje gong prøver ja-partia å skyve EU-debatten framfor seg. No er argumentet at eit eventuelt tilrådd forhandlingsresultat skal ut til folkerøysting. Men på dei fem åra som er gått, har nei-sida gjort seg for sterk til at ja-partia kan lykkast. Nei-kuløren på stortingsvalet 1993 gjer at Stortinget manglar det grunnlovsfesta fleirtalet for å overføre suverenitet til EU. Ja-sida må satse alt på eitt kort: folkerøystinga.

Eit halvår seinare, 16. april 1994, ligg så eit forhandlingsresultat føre. No går debatten over i *ja-kampanjen mars — november 1994*. Endeleg er ja-sida komen dit dei har peikt i 5 1/2 år. Først no seier dei at dei veit kva slags EU Noreg vil bli medlem av, og kva slags vilkår Noreg vil få som medlem om det blir eit ja-fleirtal ved folkerøystinga 28. november 1994.

Organisasjon mot argumentasjon

Ut på hausten er argumenta si tid over. Jamtover er det ja-sida som vinn dei avsluttande debattane på tv-overførte folkemøte i den forstand at det er japolitikarane sjåarane liker best. Men dét seier ikkje noko om kor mange som endra meining etter kvart debattmøte. Stemmene avgjer, ikkje sympatien.

I den grad veljarane kunne oppfatte det som om partane levde i kvar si verd, var det fordi ja- og nei-sida brukte svært ulike retorikkar. Mens ja-sida pr november 1992 knapt hadde fått orden på resonnementa sine, hadde nei-sida alt teke steget over i agitasjonen. Det viste både tv-debattane og postkassane. Nei-sida hadde prøvt ut fleire av argumenta sine og sett kva som heldt og kva som ikkje heldt, kva som verka og kva som ikkje verka.

Og nei-sida hadde gjort éin ting til: Dei hadde gjort seg nokså uavhengige av argumentasjon. Organisasjon stod mot agitasjon, fundament mot argument. Med eit minimum av motargument — motparten ville jo framleis knapt diskutere — had-

² Modellen er utvikla av Charlotte Jørgensen, Christian Kock og Lone Rørbech i Jørgensen off 1994. Fordi modellen er knytt til enkeltstående debattprogram i tv, seier analysen deira lite om dynamikken over tid.

de nei-sida på mindre enn tre år overtalt og organisert 140.000 menneske til å bli medlemmer i Nei til EU. Til samanlikning mønstra den største ja-organisasjonen, Europabevegelsen, om lag 35.000 medlemmer.

Dei 140.000 nei-medlemmene kunne kvar på sine stader gjere sin jobb, og utgjer nok ein viktig grunn til at valdeltakinga på heile 89% i 1994 er den høgaste nokon gong i Noreg sidan allminneleg røysterett blei innført i 1913. Valforskarane finn ingen eintydige forklaringar på denne rekordhøge valdeltakinga, men konstaterer at mobiliseringa var størst i nei-kommunane i utkantområda: "Jo lavere ja-prosenten er, desto mer har frammøtet økt".³ Dette understrekar verdien av organiseringa på nei-sida.

Nei-sida kombinerte kollektiv og retorisk kraft. Der argumenta eventuelt ikkje strekte til, hadde dei organisasjon å stø seg til. Nei-sida var like samkjørt som ja-sida var eit politisk-organisatorisk kaos.

I ettertid ser det ut til at EU-saka blei avgjort mellom 1991 og 1993. I valundersøkinga hausten 1991 var 41% mot, 34% for. Tilsvarende var i 1993 59% mot, 24% for.⁴ Men der imellom hadde det vippa mykje fram og tilbake. Frå hausten 1993 gjaldt det likevel for nei-sida å halde posisjonane. For ja-sida var det ikkje nok å få eit fleirtal av tvilarane på si side. Dei måtte også overtale ein del nei-veljarar til å stemme ja.

Nei-sida heldt grepet om nei-veljarane frå 1993. Men ja-sida vann kampen om tvilarane. I 1972 hadde det store nei-forspranget skrumpa inn heile tida frå januar fram til folkerøystinga 25. september. Men i 1994 heldt nei-sida stillinga mykje lenger. Først i september begynte ja-kurva å peike bratt oppover. Denne utjamninga mellom partane viste att i den lokale EU-debatten, den som var på sida av den offisielle retorikken. På lesarbrevidene i avisene deltok ca 12.000 ja-medlemmer og 28.000 nei-medlemmer. Dei siste vekene før folkerøystinga var det som oftast ja-skribentane som utøvde definisjonsmakt i desse avisdebattane.

Dagens tekst mot morgondagens forhandling

Fotfolket på ja-sida famla for lenge. Mens mange på

nei-sida finpusa sin agiterande *actio*, blei mang ein ja-veljar ståande fast alt i *inventio*.

Dei viktigaste argumenta for ja-veljarane blei etter kvart samarbeid, medraderett og tryggingsspolitikk. På nei-sida dominerte argument knytte til sjølvråderett, folkestyre og sysselsetjing. Men ja-sida sleit med å gi argumenta ei slagferdig form. Nesten kvar gong nei-sida sette ei sak på dagsorden, var svaret frå ja-sida ussive. Ja-sidas retorikk blei ein krattskog av hypotesar, konjunktivar og atterhald: "Dersom, hvis, såfremt, ifall." Vent og sjå, sa dei. Det veit vi ikkje noko om, sa dei. Jo, sa nei-sida, det står her. Dokumentasjonen blei nei-sidas bevisførsel, utøvd gjennom svært fundamentalistisk tekstlesing. Dette prega nei-sida særleg etter at EF vedtok unionstraktaten sin i Maastricht i desember 1991.

Proessen blei ja-sidas motargument: "EF er ikke et ferdig sluttprodukt. EF er en prosess," sa den framstående Høgre-politikaren Kaci Kullmann Five i 1992.⁵ Men i ein prosess og i forhandlingar er aldri svaret gitt. Der nei-sida kunne vise til situasjonen her og no, måtte ja-sida skyve svaret inn i framtida. Dette forsterka også skiljet mellom det resonnerande på ja-sida og det agiterande på nei-sida. Å delta i ein politisk prosess kunne ikkje bli noka god symbolsak i eit land der resultatorienterte folkerørslar har både skapt og skrive så mykje historie.

Der nei-sida viste til dagens tekst, sette ja-sida si lit til morgondagens forhandlingar. Men det innebar også at veljarane skulle ha tillit til forhandlarane.

Strategien på nei-sida var klar og aristotelisk: Det er lettare å stole på folk ein kjenner enn på folk ein berre kjenner til. Alt gjennom organiseringa av nettverka sine skapte nei-sida sitt eige truverde. I tillegg kom at den politisk samlande personen på nei-sida hadde like stort truverde blant veljarane som statsministeren. Det er i seg sjølv oppsiktsvekkjande.

Mange veljarar hadde liten tillit til dei norske ja-politikarane i EF-saka. Mistilliten var om lag like stor i 1994 som i 1972. Under EU-debatten steig mistilliten blant EU-motstandarane, mens den minka hos tilhengjarane av medlemsskap.⁶ Då er det heller ingen grunn til å tru at det lyste *ethos* frå EF-stjernene i Brussel utover den norske veljarmassen. Ein treng ikkje skrive FRAMANDFRYKT med store bokstavar for å sjå det. I 1972 fekk Bratteli-regjeringa ei

3 Jenssen og Valen 1995:105.

4 Jenssen og Valen 1995:33.

5 "Antennetimen", NRK/TV 12.11.1992, eiga utskrift.

6 Jenssen og Valen 1995:119ff.

viss drahjelp frå Willy Brandts tale i Oslo 14. september. Sommaren 1994 vurderte statsministerens kontor å invitere Jacques Delors til Noreg og jazzfestivalen i Molde. Dei slo tanken frå seg av frykt for at det ville gjere meir gale enn godt.⁷

Mykje av den uvisse som rådde og som gav god grobotn for agitasjonen frå nei-sida, hadde altså ja-sida seg sjølv å takke for.

Mange scener, mindre spennvidd

Der var mange slags scener for EU-retorikken mellom 1988 og 1994. Nei-leiaren Kristen Nygaard meiner det var to hovudscener i debatten: ein sentral-arena definert av riksmidia, og ein lokalarena. Nei-sida var på begge, ja-sida berre på den eine, til forskjell frå 1972, då partane i stor grad var på kvar sin arena.⁸

Eit stykke på veg trur eg Nygaard har rett. Men i eit retorisk perspektiv forklarar ikkje todelinga hans så mykje. Scenene påverkar alltid retorikken, særleg den munnlege. Argumentasjon og agitasjon vil i prinsippet variere mykje — frå det eine ytterpunktet foredrag på møte via artiklar og lesarbrev, duellar og paneldebattar, intervju og utspørjingar i massemedia, studiodebattar til det andre ytterpunktet tv-overførte folkemøte. Denne variasjonen var likevel ikkje så stor i EU-debatten 1988-94. Den retoriske spennvidda var mindre enn i 1972. Det viste seg på fleire måtar.

Tydelegast kjem det til uttrykk i bruken av ytringsformer, sjangrar. EU-debatten 1994 blei ein debatt på prosa, *in casu* sakprosa. Under den førre EF-striden, 1970-72, blei det skrive og brukt mange hundre kampsongar.⁹ På vers kan ein seie heilt andre ting enn i prosa. Også i tida 1988-94 blei det sjølv sagt laga ein del slike songar, men real, karnevalistisk niddikting blei det smått med.

I 1972 var den offisielle agitasjonen på nei-sida svært ulik det som blei sagt i uformelle samanhengar.¹⁰ Folkebevegelsens godkjende retorikk gav ikkje rom for til dømes "den tyske faren". Men det gjorde fotfolket, ofte og intenst. Og der var knapt ein makthavar som ikkje fekk passet sitt påskrive. Den retoriske lågstilen blei uventa lite brukt i 1994. Dei som prøvde seg, kom ikkje langt. I 1994 mang-

la altså bisenene for den folkelege og munnlege agitasjonen.

Gjennom det sterke organisasjonsnettverket Nei til EU hadde bygt opp, kunne nei-sida møte veljarane der dei budde, på arbeidsplassane, i nærmiljøa. Dei trong ikkje gå omvegen via aviser og tv. Samstundes var norske massemedia mykje meir opne for journalistiske oppslag om nei-saker denne gongen og gav dermed meir plass for nei-sidas retorikk enn tilfellet var i 1972. I tillegg etablerte nei-sida eigne, effektive informasjonskanalar via sine lokale opinionsdannarar vidare ut til medlemmene. På alle desse scenene dreiv nei-sida ein svært styrt praksis. Det førte til ein meir monoton, nøktern og sakleg retorikk enn den elles ville ha blitt. Men det hindra også følgjerike argumentasjonstabbar.

Spennvidda blei også mindre fordi det var færre typar aktørar på scenene i 1994. Det var til dømes ingen som gjennom EU-debatten 1988-94 stod fram som ein ny og viktig nasjonal kunstnar, slik fleire hadde gjort 1970-72. Mellom 1972 og 1994 hadde den agiterande politiske ordkunsten mista mykje av både krafta og truverdet. I staden kom *Lesebok 1994*, ei lita bok med korte sakprosaartiklar, essay og skjønnlitterære tekstar fjernt frå agitasjonskunsten. Nei til EU spreidde 1.850.000 eksemplar av boka; det største førsteopplaget for noka norsk bok.

Derimot hadde den kommersielle verbalkunsten fått ein posisjon den ikkje hadde i 1972. Reklamebyråa spelte no ei heilt anna rolle i offentleg debatt. Dei kan ha vore viktige som rådgivarar og initiativtakarar til kampanjar, men sterke opinionsdannarar var dei ikkje. Sidan så mange deltok sjølve, og den munnlege agitasjonen var så utbreidd, blei den kommersielle politiske reklamen tannlaus. Ein påkosta veggplakat-kampanje omfatta fem tilsynelatande autoritetsargument: "Fordi det viktigste er fred og trygghet", "Fordi mange må gjøre jobbene sammen", "Jeg mener Norge må bli med og bestemme", "Jeg tror på mer samarbeid, ikke mindre", "Jeg begynte som tviler, men sier ja". Men ingen av dei fem som målbar desse argumenta på plakatane, kunne med rimeleg grunn reknast som autoritetar på dei aktuelle områda (ei av dei blei justisminister hausten 1996). Ein moderne teori om argumentasjon bør altså inkludere kjendisargumentet og forstå det som noko anna enn eit autoritetsargument.

Mykje av meiningsforminga skjedde i dei små

7 Bjartnes og Skartveit 1995:37.

8 Bjartnes og Skartveit 1995:215.

9 Grepstad 1985.

10 Bjørklund 1982:162-207, Grepstad 1985:138-187.

gruppene, gjennom samtalar i familie, vennekrets, nabolag, arbeidsplass. I desse vesle samtalane blei prangande ja-annonsar på husveggen knapt grunnlag for ei bisetning. Det er ikkje annonsektar folk siterer i slike samanhengar, men lesar-brev, redaksjonelle oppslag og utsegner i radio og tv, kopla til egne erfaringar og inntrykk.

Sidan nei-sida stod så sterkt på mange scener, makta dei å gjere EU-saka til eit verdival. I all retorikk er definisjonsmakta viktig. Fordi ja-sida så lenge dreiv med sine dagsordendebattar, kunne motstandarane definere situasjonen nokså uforstyrta ganske lenge. Dei retoriske rammene var gitt, og ein organisasjon som Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) måtte nesten truge ein del av medlemsbedriftene sine til å delta i EU-debatten. Mange aktørar på ja-sida treivst betre på aksjebørsen enn på verdibørsen.

Lahnsteins historiske autoritet

Sidan 1972 var industrisamfunnet Noreg blitt eit samfunn av tenesteytarar. Overfor dei mange hundre tusen tilsette i offentleg sektor var ikkje trussel om utflugging av arbeidsplassar og eksportvilkår tunge og avgjerande argument. Offentleg tilsette oppfatar i utgangspunktet arbeidsplassane sine som trygge. Dei var derimot svært opptekne av dei økonomiske rammevilkåra for offentleg sektor. Korleis dei vilkåra ville bli ved medlemskap, makta nei-sida å så tvil om. Alt i dei to første fasane greidde Opplysningsutvalget å hamre inn sitt syn på at EF-medlemskap ville redusere dei offentlege inntektene og dermed svekke velferdsstaten, auke arbeidsløysa og skape større sosiale skilnader. Den oppfatninga fekk ja-sida slite med.

Både i 1972 og 1994 røysta offentleg tilsette oftare nei enn tilsette i privat sektor. Sosialpolitiske argument hadde lite å seie for veljarane.¹¹ Derimot kan det tenkjast at velferdsstaten blei eit viktig retorisk symbol i EU-debatten, og at argumentet fungerer mobiliserande i særleg dei første fasane.

Dette var å gripe tilbake til noko av det mest grunnfesta i norsk politisk retorikk. NHO-argumentet om at verdiskapinga i privat sektor avgjer vilkåra for offentleg sektor, blei lett. Og at høgrefolk stod opp og protesterte mot nei-sidas framstilling, hadde liten effekt. I politisk retorikk kan det at motparten reagerer som den gjer, føre til at argumenta

berre står endå sterkare. Motpartens dementi stadfestar det den prøver å dementere.

Særleg Senterpartiet gjorde sitt til dette skiftet i politisk retorikk. I mange tiår hadde dette vore bondepartiet i Noreg. Men gjennom dei første fasane av EU-debatten utvida og endra partiet veljargrunnlaget sitt frå primærnæring til omsorgsykke, og tredobla oppslutninga si frå 1991 til 1993. Næringspolitisk var det nødvendig for dei å forsvare offentleg sektor.

Kvinna som symboliserer denne endringa, og som sjølv var ei viktig årsak, var ein sjukepleiar frå grensetraktene mot Sverige. Anne Enger Lahnstein var blitt ny partileiar i mars 1991, nettopp då EU-debatten gjekk inn i sin avgjerande fase. No hausta ho fruktene av eit arbeid som var blitt lagd lite merke til.

I politisk agitasjon gjeld det å vinne tilslutning. Det kan berre skje ved å samle og/eller å flytte stemmer.¹² Den stemmesamlende retorikken greier å mobilisere dei veljarane som alt deler det aktuelle standpunktet. Den overtalar også veljarar som ikkje har delt standpunktet før, men som kjem til at konklusjonen stemmer med deira grunnhaldningar. Og den kan hente stemmer frå veit ikkje-gruppa. Den stemmeflyttande retorikken kan derimot få veljarar til å skifte meining i ei bestemt sak.

Typisk for stemmesamlaren er å argumentere ideologisk, dvs ut frå generelle eller overordna omgrep, mens stemmeflyttaren argumenterer meir konkret. Stemmesamlaren ordlegg seg gjerne kort og skarpt, stemmeflyttaren bruker nokre få nøkkelargument. Og mens stemmesamlaren gjerne er forteljande, legg stemmeflyttaren vekt på å formidle mykje informasjon.

Den norske EU-debatten viser at det er grunnlag for å utvide denne enkle dikotomien.

Anne Enger Lahnstein var både stemmesamlar og stemmeflyttar, men i to ulike samanhengar. For Senterpartiet var ho ein stemmeflyttar utan sidestykke i partihistoria. På nei-sida var ho derimot gjennom seks år mest stemmesamlar. Difor er det nødvendig å sjå nærmare på hennar rolle.

Den som i 1988 hadde tippa at ein sjukepleiar i Senterpartiet kom til å bli den samlande politikaren, *dronninga*, på nei-sida, ville hatt høge odds. Verken Lahnsteins politiske posisjon eller argumentasjon tilsa noko slikt på den tida. Tvert om var ordinært politisk handverk kjenneteiknet hennar.

11 Jenssen og Valen 1995:52 og 162.

12 Jørgensen off 1994:322ff.

Særleg i den første fasen av EU-debatten var Lahnstein berre ei blant dei mange på Stortinget. Eller var ho?

Den som trudde det, hadde gløymt at Lahnstein ti år tidlegare hadde vore leiar i Folkeaksjonen mot fri abort som samla inn 610.000 underskrifter. Den som leier ein slik aksjon, har lært det som trengst om kontakt med veljarane, klar bodskap og agitasjonskunsten: gjenta enkle, klare resonnement gong på gong, med klare kontrastar, parallelar, treffande døme og replikkar som set punktum. Lahnsteins scene var ikkje Stortinget, men gatas parlament. Ho steig fram som den sentrale EF-motstandaren i Stortinget gjennom folkemøta utanfor. Ikkje minst hadde ho vunne tillit og truverde ved å drive oppsøkjande valkamp mot EF lenge før nokon på ja-sida ringde reisebyråa sine. Ho hadde gitt nei-sida eit ansikt.

Med sine enkle, treffande spørsmål blei ho tidleg ein av fleire katalysatorar for latent EF-motstand. Samtidig utvikla ho og rådgivarane hennar sin eigen argumentasjon. Innlegga hennar i EF- og EØS-debattar på Stortinget 1988-91 viser korleis.

Ho byrja med marknadskreftene og dei fire fri-domane, tok etter eit års tid opp unionsproblemet og gjorde samstundes "forpliktende internasjonalt samarbeid" til eitt av sine topoi. Våren 1990 gjekk ho grundigare inn på spørsmål kring overnasjonalitet og det ho kalla den norske styringsretten.

Etter to års forsøk på EF-debatt hadde ho funne si retoriske plattform. Der blei ho ståande. Spørsmåla og argumenta må ha vore slitesterke, for ho brukte dei til siste slutt.

I 1972 hadde presset mot industriarbeidarane vore stort for å få dei til å stemme ja. Det nei-mannen Ragnar Kalheim var for industriarbeidarane den gongen, var Anne Enger Lahnstein for tilsette i offentlig sektor no. Nesten kvar gong ho ytra seg om EF-saka rundt 1990, stilte ho det same spørsmålet: "Hva slags samfunn ønsker vi?" Det var eit spørsmål som peika ut over tolltariffar og støtteordningar og som politiserte EF-saka. Den første partileiardebatten mellom 1988 og 1994 med EF som tema var berre fem minutt gammal då ho igjen nytta høvet til å inkludere samfunnsspørsmålet sitt:

Bjørn Honerød

Ligger noe av problemet her at man hele tiden gir motparten skylda for dette med å kløve folket? Anne Enger Lahnstein, føler du deg medansvarlig

for at folket nå blir kløvd?

Anne Enger Lahnstein

Jeg syns det er ganske meningsløst å prøve å tildekke en debatt om ulike samfunnssyn, om ulike samfunnsmodeller. Det vi nå ser, er at Arbeiderpartiet da med et ganske sterkt mindretall har bestemt seg for at regjeringen skal søke medlemsskap. Sannsynligheten er jo sterk for at et stort flertall i Stortinget vil, i en tid med et stort flertall mot medlemsskap i folket, søke om medlemsskap i EF. Jeg syns dette illustrerer på en måte den mangelen på harmoni som det er mellom folk som nå altså i langt over 50 prosent både i Norge og i Sverige og i Danmark sier nei til EF-unionen, mens da lederskapet kjører løpet som om ingenting er skjedd.¹³

Slike spørsmål og tankegangar gjentok Lahnstein i dei fem åra som følgde, men etter kvart i ei form meir tilpassa folkemøte enn tv-studio.

To kvinner stod mot kvarandre: Gro Harlem Brundtland mot Anne Enger Lahnstein. Dette var dei retoriske, men svært ulike hovudaktørane. Brundtland er best med manus og i parlamentarisk ordsifte. Lahnstein er best utan manus og i utanomparlamentarisk samanheng. I Stortinget stilte Lahnstein gjerne med manuskript og svært ordnær retorikk. Spørsmåla ho stilte, var det mest interessante og gav henne ei viss definisjonsmakt. Ute på folkemøta brukte ho sjeldan manuskript og var ledigare, frekkare, meir polemisk. Dette kan vi også sjå i tv-debattane. I reine studiodebattar var ho ofte nølande og reservert. På folkemøta gnistra ho av replikkunst.

Innunder jul 1990, i den andre fasen av EU-debatten, hadde EØS-forhandlingane reist spørsmålet om å avgi suverenitet. Det var ei omstridd sak, og Lahnstein henta raskt fram Grunnlova som realargument. Den konstitusjonelle tvilen kring EØS tok ho med seg over i sjølve EU-debatten. Når Lahnstein snakka om paragraf 93, dreiv ho med meir enn politiske utlegningar om folkerett. Grunnlova blei symbol for heile hennar verdikonservative argumentasjon mot EU, *hvorfor opptatt* det sosialdemokratiske tankegodset som Arbeiderpartiet hadde tatt bort i si marknadsmøderisering på 80-talet.

Spørsmålet om kva som måtte til for å følgje resultatet frå folkerøystinga, blei etter kvart ei kilen sak som splitta nei-sida. I 1993 stod Lahnstein sterkt

¹³ "Antennetimen", NRK/TV 12.11.1992, eiga utskrift.

nok til at ho kunne snu saka til sin fordel på to minutt under eit tv-folkemøte i Tromsø. Der presenterer programleiar Ingolf Håkon Teigene ei meiningmåling som viser at 60% av Senterparti-veljarane vil respektere folkefleirtalet. Lahnstein svarar først kort at nokre gonger må ein politikar leie. Eg trudde at demokrati handla om å følgje folkefleirtalet, repliserer Teigene, og får dette svaret:

Anne Enger Lahnstein

Vi har spilleregler i Norge. Spillereglene er nedfelt i Grunnloven, og Grunnloven sier at det er Stortinget som skal ta beslutning om å avgi suverenitet, og da kreves det kvalifisert flertall. Det er ikke mulig for en folke... den er bare rådgivende, et råd er et råd, en beslutning er en beslutning. Og det er en hensikt, det må jeg nesten få si, altså det er jo ikke for ingenting at Grunnloven er formulert sånn. Det var jo fordi man skulle forhindre et splitta folk og fordi Grunnloven har det vi kaller mindretallsrettigheter. Og tenk dere et tilfelle hvor — nå vinner vi jo folkeavstemningen — men tenk dere at det blir 50,1 prosent. Det vil si at her i nord, kanskje, langs hele kysten, i distrikts-Norge, så vil det være opptil 70-80 prosent som har sagt nei, og så skal deres representanter på grunn av at det i det sentrale Østlandsområdet har vært et stort ja-flertall, reise til Stortinget og svare ja når dette spørsmålet kommer opp. Dette er ikke noe enkelt spørsmål, men vi er nødt til å ta det på alvor og følge Grunnloven, det vil iallfall jeg anbefale mine folk. (*applaus*)¹⁴

Det er, som ho seier, eit komplisert emne. Ein politikar skal ha vore igjennom ein del debattar før svaret på eit slikt spørsmål blir både så presist, samanhengande og poengtert at det utløyser applaus, og likevel såpass ope at det kan tolkast av den som treng å tolke det for å vere samd. Forbetring gjennom repetisjon er eit grunndrag ved all munnleg retorikk. Kommersiell retorikk i form av radio-, kino- og tv-reklame er mekanisk repeterande. Politisk retorikk i debattform er sjeldan eller aldri lik frå gong til gong.

Debattanten kan tilpasse argumentasjonsmåtene etter forsamling og motpart. Eller han kan aktualisere dei ut frå situasjon og nyheitsbilete. Og han kan korrigere ut frå vektige motforestillingar som har kome fram i tidlegare debattar. Er ikkje debattanten komen på innsida av sitt eige resonnement,

blir all slik retorisk forbetring vanskeleg. Med sitt lange tidsspenn og sine skarpstilte motsetningar i eit endeleg ja eller nei byr nok EU-debatten på mange emne for slike studiar, som eg har sett lite av i litteraturen om retorikk.

Det var gjennom valkampen i 1993 Lahnstein etablerte seg som nei-dronninga. Ho reiste landet rundt og fekk kontakt kor ho enn kom med sin mobiliseringsretorikk som skulle halde arbeidsinnsatsen oppe hos dei som alt delte nei-standpunktet. Og frå 1993 var jo det nettopp den viktigaste form for retorikk for nei-sida. Dei måtte halde på posisjonane og ikkje miste det dei hadde vunne.

Men presset auka. På tv-folkemøte 23. november 1994 stod det mellom Arbeidarparti-leiar Jagland og Senterparti-leiar Lahnstein. Eit sentralt og poengtert spørsmål frå Jagland skaper openberre vanskar for Lahnstein. Ho strevar med premissane hans, blir flåsete, forstår på reaksjonane i salen at ho må velje ei anna retning, og finn tilbake til sjølve Formelen i sin EU-retorikk: Maastricht-traktaten.

Thorbjørn Jagland

Kan du gi ett eneste eksempel på at EU på sine 37 år har tilsidesatt én grunnlovsbestemmelse i noe land? Kan du gi ett eneste eksempel på at EU har tilsidesatt én nasjonal bestemmelse i noe land? Kan du gi et eneste eksempel på at EU på disse 37 årene har blandet seg oppi velferdspolitikken i noe land på noe tidspunkt? (*applaus*)

Anne Enger Lahnstein

Men jeg kan si litt om resultatene. Vi har altså 53 [millioner] som lever under fattigdomsgrensen ... (*buing i salen*)

Jagland

Det skyldes ikke EU. Det skyldes nasjonalstatene...

Lahnstein

... 18 millioner arbeidsledige. (*buing i salen*) Det som er poenget her, og som det kanskje ikke er så lett å se betydningen av akkurat i dag... Men det grunnleggende prinsipp i vårt demokrati, det er at det er noen som står til ansvar for beslutningene i valg. Det er nemlig det folkestyre krever, at de som tar beslutningene, stiller til, og blir enten kasta ...

Ingolf Håkon Teigene

Det var ikkje dette Jagland spurde deg om, Anne

14 NRK/TV 26.8.1993, eiga utskrift.

Enger Lahnstein ...

Lahnstein

Nei ...

Teigene

... det var faktisk ikkje det. Vil du svare han, eller vil du ikkje svare han?

Lahnstein

Noen ganger er spørsmålene så vanvittig stilt at jeg kan ikke svare. (*Lahnstein ler, buing i salen*)

Jan Petersen, formann Høgre

Dette er jo ikke vanvittig stilt, dette er jo et av de mest sentrale spørsmålene i debatten. Du har jo reist land og strand rundt og snakket om Grunnloven, og så vil du ikke inn nå og svare på det sentrale, nemlig når er den tilsidesatt? (*applaus*)

Lahnstein

Dette — dette er med respekt å melde tøv! Her går ja-sida inn for at vi skal si ja til hele traktatgrunnlaget og det som ligger her. Her er det helt klart slått fast at det er felles politikk når det gjelder landbruk, fisk, handel, transport, det skal bli en mynt, en sentralbank, det skal være en felles tollunion, det skal være en felles utenriks- og sikkerhetspolitikk, det skal være en lovgivningsmyndighet og en domstol, det skal være et EU-borgerskap (*buing*) og så skal det være forrang foran nasjonal lovgivning og grunnlov for traktatene, for rettsavgjørelsene og for de lovene som gis av Ministerrådet som ikke er valgt av noen, det det som er saken. (*applaus*)¹⁵

I 1870- og 80-åra prega diktaren og agitatoren Bjørnstjerne Bjørnson norske politisk talekunst på ein måte som har sett spor etter seg like inn i Lahnsteins retorikk. Ikkje i pondus og veremåte, men i måten å gripe verda på. Såleis var det ikkje noko originalt over spørsmåla ho stiller. Dei same spørsmåla har vore stilte i alle dei store politiske brytingane det siste hundreåret. Ved sida av personleg tillit og kunnskapsrik opposisjon sikra Lahnstein seg dermed historisk autoritet. Meir kan ingen vente.

Ut over i 1994 blei Lahnstein-spørsmålet "Hva

slags samfunn vil vi ha?" meir og meir eit retorisk spørsmål. For ho hadde berre eitt svar, ein metafor frå eit dikt av poeten Rolf Jacobsen: "Annerledeslandet". Kva slags samfunn det var, sa ho først tydeleg eit år etter folkerøystinga: Det er det samfunnet vi har no.¹⁶

Spørsmålet var som skapt for opposisjon. Ho sa mykje om kva ho *ikkje* ville ha, lite om kva ho ville. Det kunne ho nok gjere fram til røystedagen. Lahnstein makta å stille gode spørsmål i rett tid. Det gjorde henne til ein vanskeleg motpart i ordskiftet. For Lahnstein visste *kvifor* ho spurde. Ho vann tillit ved å vise at ho visste kva ho snakka om og skapte samtidig tvil om motdebattanten skjulte noko eller ikkje visste det same. Hennar retoriske posisjon i EU-striden var basert på kunnskap og ei sjeldan evne til å sette verbale punktum.

Den nye faktoren: stemmehaldaren

Når dei store konfrontasjonane med ja-sida stod for døra, visste dei menige på nei-sida at dei hadde eit trumfkort. Anne Enger Lahnstein var blitt eit autoritetsargument. At den populære statsministerens posisjon ikkje var einestående, trur eg var eit viktig kort for nei-sida. Det var med og gav nei-sida politisk sjølvtilitt, og fekk dei kanskje til å gløyme at dei faktisk var på vikande front.

Dei siste månadene var ja-sidan oppteken av å argumentere for at Noreg måtte følge Sverige. Svenskane skulle ta si avgjerd ved folkerøysting to veker før nordmennene. Det var Lahnstein som avværpa dette Sverige-argumentet ved å gi det oppnamnet "svenskesug". Det gjorde ho i ein tale i Halden 14. august 1994, dagen før statsministeren starta sin offisielle ja-kampanje i Måløy på Nordvestlandet. Talen til Lahnstein er eit prakteksempel på retorikkens *kairos*: den passande situasjonen.

Med Sverige greip ja-sida til jamføringa som retorisk strategi, altså tidlegare tilfelle som argument for ei bestemt handling. Jamføringsargumentet er mykje brukt i politisk retorikk.¹⁷ Særleg vanleg er det å jamføre seg med andre land. Jo nærmare landet er geografisk og kulturelt, jo oftare blir det brukt. Der og då: Når andre nordiske land melder seg inn i EU, må også Noreg. Slik jamføring kan

¹⁵NRK 23.11.1994, eiga utskrift.

¹⁶"Til debatt", NTK/TV 22.11.1995.

¹⁷Jørgensen offi 1994:182ff.

mellom anna gjere det nye mindre framandt: Kunne nøytrale Sverige, så kunne vel også NATO-Noreg.

No var Sverige neppe eit eintydig plussargument for ja-sida. Det eine var å vise til dei eventuelle konsekvensane det hadde for Noreg at eit knapt fleirtal i Sverige hadde røysta ja til EU. Noko heilt anna var det å bruke landet som politisk leiestjerne. Mange veljarar hugsa nok ymse politiske ordskifte der svenske forhold hadde vore skremmebilete. Å følge Sverige var difor inga opplagd handling. Særleg langs kysten kunne Sverige-argumentet til og med verke mot si hensikt. Under alle argumenta om sjølvråderett låg dei næringspolitiske omsyna og argumenta. I 1994 som i 1972.

Men Sverige-argumentet flytta bevisbyrda over på motparten. Nei-sida måtte sannsynleggjere kvifor det ikkje var nødvendig å gjere som Sverige. Det gjorde nei-sida og nei-dronninga lite av. Lahnstein heldt fram med ideologisk argumentasjon mot Unionen, og kom nok dermed ikkje så mange tvilarar i møte. Å halde på ein bestemt posisjon blant veljarane kan altså hindre ein i å vinne nye veljarar. Den siste månaden auka nei-sida på meningsmålingane med ein knapp prosent, mens ja-sida gjekk fram nærmare ti prosent.¹⁸

Ved sida av ein stemmesamlande og stemmeflytande retorikk viser den norske EU-debatten etter mi meining ein tredje type: den stemmehaldande. Denne greier å overtale dei veljarane som alt har teke stilling for det aktuelle standpunktet om at konklusjonen er rett trass i at motpartens argument er blitt betre. Stemmehaldaren held seg unna alt som kan skape tvil og er avhengig av gjennomprøvede, tette resonnement i argumenta sine, men kan ikkje forenkle det heile til slagord. Som stemmesamlaren må difor stemmehaldaren inkludere prinsipielle eller ideologiske premissar.

Sannsynlegvis er personens truverde, *ethos*, ein nødvendig føresetnad for stemmehaldande retorikk. Spørsmålet fortener å bli undersøkt nærmare. Hausten 1994 voks iallfall ja-sida ved ein stemmesamlande retorikk som overtalte mange tvilarar, mens dei knapt flytta ein einaste veljar frå nei til ja.¹⁹ Nei-sida heldt altså stand; der var ein organisasjon og ein argumentasjon som stod imot.

Særleg i ein debatt som går over lang tid, spelar

den stemmehaldande retorikken ei hovudrolle fordi dynamikken i debatten medfører eit press i retning av å skifte meining. I slike debattar blir det samstundes tydeleg at retorikken har sine grenser.

EU-debattens retoriske paradoks

I EU-debatten var det viktigare å overtale veljarar til ei bestemt meining som kunne vare fram til valdagen enn å overtyde dei om at bestemte reformer måtte gjennomførast i Noreg det nærmaste tiåret. Vi skulle tru at retorikken ville bli deretter — nådelause personåtak, demagogi og ansvarslaus mobilisering utan interesse for konsekvensane. Då regjeringa søkte om medlemskap, frykta historikaren og nei-mannen Berge Furre at den nye EU-striden ville bli meir bitter enn den førre. Dette grunn-gav han med at høgkonjunkturen kring 1970 var erstatta med ei massearbeidsløyse som kunne skape meir uro for framtida.

EU-debattens retoriske paradoks er at det blei annleis. I verkemiddel og intensitet var 1972 ein strid i ordets rette forstand og 1994 meir for ein debatt å rekne.

Nokre trekk ved valresultatet i 1994 kan gi næring til myten om historia som gjentek seg: Svært mange av dei som røysta i 1972, røysta det same i 1994. Skilnaden mellom ja og nei var om lag den same begge gongene. Den geografiske fordelinga av ja og nei var nesten ein kopi frå 1972. Om dette kan valforskaren seie at det eit stykke på veg er dei same økonomiske, sosiale og kulturelle faktorene som ligg under, altså at "skillelinjene som oppsto i forrige århundre fortsatt har betydning i norsk politikk".²⁰ Også i prosessen fram mot resultatet kan det finnast trekk som liknar. Men valforskarens skildring gir inga forklaring, berre analogiar. Like fullt var dei retoriske situasjonane vidt ulike, dei retoriske prosessane likeins. Stabiliteten frå 1972 til 1994 kan jo også tolkast som eit uttrykk for at nei-sida den gongen ikkje berre overtalte veljarane på kort sikt, men klarte å etablere ei overtyding som har vart ved. Berre den som overser retorikkens kraft, kan få seg til å tru at det gjekk som det måtte gå. Retorikken, ikkje historia, var kanskje grunnen.

Historikarane finn kanskje betre forklaringar på

¹⁸ Jenssen og Valen 1995:35ff.

¹⁹ Jenssen og Valen 1995:42.

²⁰ Jenssen og Valen 1995:162.

dette enn det ein fri intellektuell kan gjere eit par år etter. Retorisk trur eg EU-debatten 1988-94 blei så mykje av eit paradoks fordi den offisielle retorikken på eitt punkt kom til kort. Det var ikkje dei mange megafonars store ord som avgjorde saka. Nei-fleirtalet var først og fremst ein konsekvens av stort organisasjonspolitisk handverk og av den vesle samtalens betydning — den som aldri når langt, men som ofte når fram.

Referenser

Artikkelen byggjer på ein analyse eg presenterte på eit seminar om retorikk hausten 1995, trykt som ein lengre artikkel i bokform hausten 1996. Seinare blei eg kjend med Jens E. Kjeldsens avhandling *Den gode folkeafstemningsdebat* (København: Københavns Universitet 1996). Eg har ikkje hatt høve til å ta omsyn til dei mange verdifulle synspunkta hans i denne artikkelen.

Fjernsynsprogram

NRK/TV 12.11.1992, "Antennetimen"

NRK/TV 26.8.1993

NRK/TV 23.11.1994

NRK/TV 22.11.1995, "Til debatt"

Litteratur

Bjartnes, Anders og Hanne Skartveit 1995: *Brussel tur-retur*.

Oslo: Tiden Norsk Forlag

Bjørklund, Tor 1982: *Mot strømmen. Kampen mot EF 1961-1972*.

Oslo: Universitetsforlaget

Forhandlinger i Stortinget 1988-1991

Grepstad, Ottar 1985: *Balladen om Europa*. Oslo: Universitetsforlaget

Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red) 1995: *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal

Jørgensen, Charlotte, Christian Kock og Lone Rørbech 1994:

Retorik der flytter stemmer. Hvordan man overbeviser i offentlig debat. København: Gyldendal

Perelman, Chaim og Lucie Olbrechts-Tyteca 1971: *The New Rhetoric. A Treatise on Argumentation*. Notre Dame og London: University of Notre Dame Press